

**Rogaland sin ekspertkommentator  
innanfor kokekunst Tønes  
opnar laurdagen under  
Festidalen og Monica Heldal  
dreg stemninga vidare.**

Tønes har skrevet viser og spelt konsertar i mange år, men det er først dei siste to åra han har oppnådd merksemd og famna overheile nasjonen.

Seksarar har blitt trilla landet over. Få kan sjarmere så til dei grader med 'jordnære' fortellingar. At både Ragnar Hovland og Tore Renberg held Tønes som sin favorittartist gir hans skrivarkunst rikeleg med tyngde. Dagbladet kalla han 'ein eigendommeleg trivialitetsobservatør og vemodig svarhumorist.'

Med sju album i sekken, eit sjumannsorkester i ryggen og bra live-rykte- må dette bli ein deileg start på den siste festidaldagen. Musikk og humor servert med vestnorsk 'sjwong.' Kvardagshumor med helgestemming!

For berre nokre helger sidan raska Monica Heldal medseg to spellemannsprisar frå showet i Stavanger. Denne unge bergensjenta verthylla av publikum og musikkbransje i både Noreg og Europa (og India!). Tv og radio har lenge lagt seg på kne for Frk. Heldal. Ho er for lengst etablert som landets nye gitarvirtuos. Kombinasjonen av hennas silkemjuke vokal og framifrå gitartraktering resulterer i ekte nerve, varme og driv.

Sjangermessig flørtar Monica Heldal med både folk og rock så vel som blues. Inspirasjonskjelder som ofte vert nemnd er Led Zeppelin, Emmylou Harris, Simon & Garfunkel og Nick Drake.

At ho varma opp for Tom Petty sist han vitja landet er eit godt prov på at inspirasjonskjeldene er behandla på beste vis.

Med eit bankande hjarta for sjelfull musikk og eittalent Hordaland ikkje har sett maken til (sidan Ivar Lunde herja på topp for Trio)-vil denne engelen varma Festidalen-publikummet og stilla mang ein pratelysten.

Tekst: Festidalen

NETT: Ola Matti Mathisen